

**INVESTERINGSPLAN FOR BYGG, ANLEGG OG UTSTYR FOR
OPPLÆRINGSSEKTOREN**

Fylkesrådmannen rår hovudutvala til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Investeringsplan for bygg, anlegg og utstyr i opplæringssektoren, dagsett 5. november 2004, vert lagt til grunn for planlegging og gjennomføring av tiltak og prosjekt.
- 2 Følgjande investeringsrammer skal innarbeidast i økonomiplanen 2005-2008:

Opplæring	Tidl løyvd	2005	2006	2007	2008
Brannsiking	(sekkepost)	2,5	2,5	2,5	2,5
Utstyr, inkl. IKT-utstyr	(sekkepost)	7,0	10,0	10,0	10,0
PCB- utskifting av lysarmatur			4,5	4,5	
Måløy vg skule, maritim avd	40,0	20,0			
Høyanger vg skule, rehabilitering	18,5	14,0			
Firdahallen, rehabilitering	15,0		6,0		
Mo/Jølster vgs skule, driftsbygningar	7,6	22,4			
Ombygging/rehabilitering av eks. bygg			3,0	3,0	3,0
Nye byggeprosjekt			18,5	54,5	29
Sum		65,9	44,5	74,5	44,5

- 3 Følgjande nye byggeprosjekt vert prioritert i økonomiplanperioden 2005-2008:

- 1) Samlokalisering av Stryn vidaregåande skule.

- 2) Utbygging av Firda vidaregåande skule/Trivselhagen på Sandane.

Endeleg vedtak om igangsetting må gjerast gjennom vedtak i årsbudsjett og økonomiplanen på grunnlag av funksjonsprogram med areal- og kostnadsoverslag.

Fylkestinget

Saksbehandlar: Torolf Norheim

Arkiv: 15

Arkivsaksnr.: 02/00325

- 4 I planperioden etter 2008 vert det lagt til grunn at utbygging av Sogndal vidaregåande skule/Fosshaugane Campus kan settast i gang. Det bør og leggest til rette for at Eid vidaregåande skule/Opera Nordfjord får startløyving i denne perioden.

Prenta vedlegg:

14 innkomne merknader

Investerinsplan 2005-2015, dagsett 5. november 2004.(Utsendt 09.11.04)

Uprenta vedlegg:

Vidaregåande skular sine utviklingsplanar – 15 planar

Brev av 1.11.04 frå Flora kommune

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Fylkestinget gav føringar for utarbeiding av ein investeringsplan for bygg, anlegg og utstyr for opplæringssektoren sak 19/03.

Arbeidet med investeringsplanen har involvert alle vidaregåande skular og dei prosjektinitiativtakarane som var omfatta av nemnde fylkestingsvedtak.

Det er inngått intensjonsavtalar med Florø Idrettsenter AS, Trivselhagen AS og Gloppen kommune, Stryn kommune og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Investeringsplanen 2005-2017 vart sendt på høyring i tidsrommet 23.09.04 til 22.10.04. Høyringsdokumentet er sendt alle vidaregåande skular, kommunane i fylket, dei regionale prosjekteigarane, fagorganisasjonane og andre fylkeskommunale høyringsinstansar. Dokumentet er og sendt hovudutvala og dei politiske partia.

Det har kome inn i alt 14 merknader/kommentarar. Dei aller fleste kommentarar støttar planframlegget, og det er få endringsframlegg.

Fylkesrådmannen har lagt til grunn for sitt framlegg at rammer fastsett for økonomiplanarbeidet skal haldast. Dette inneber at fylkestinget sine prioriteringar om sikring av bygingsmassen i høve offentlege påbod, akutte utbetningsbehov m.m. må prioriterast. Dersom fylkestinget løyver nye investeringsmidlar innanfor dei rammene som finansutvalet har sett, har fylkesrådmannen gjeve si tilråding til disponering av desse nye investeringsmidlane i økonomiplanperioden slik det går fram av framlegg til vedtak.

Fylkesrådmannen har ikkje funne rom for tilskot slik det er omsøkt frå dei regionale utviklingsprosjekta for Florø Idrettsenter AS, Opera Nordfjord og SIL Tribuna AS.

2. BAKGRUNN

Fylkestinget gjorde vedtak i sak 19/03 der dei trekkte opp retningsliner og strategiar for utarbeiding av ein investeringsplan for opplæringssektoren.

Vedtaket lydte slik:

I arbeidet med investeringsplan for opplæringssektoren legg fylkestinget til grunn følgjande prioriteringsprinsipp:

- *Fullføre oppstarta prosjekt som følgje av pålegg frå offentlege styresmakter (helse, miljø, branntryggleik).*
- *Ta vare på eigedomsmassen for å unngå store meirkostnader som følgje av manglande vedlikehald. Akutte tiltak må gjennomførast snarast innanfor rammene gjeve i årsbudsjett og økonomiplan.*
- *Elevar og lærarar skal ha tilgang til opplæringsutstyr og hjelpemiddel som er tilpassa dei utfordringane samfunns- og arbeidslivet set.*
- *I hovudsak må noverande skulebygningar vera arenaen for undervisninga i framtida.*
- *Samlokalisering av dei ulike avdelingane – undervisningstilboda – i vidaregåande skule må bygge på at dette gjev ei best totalløysing både pedagogisk, sosialt, administrativt og økonomisk.*
- *Gamle skulebygg bør innan rimeleg tid tilpassast funksjonshemma og nye skulebygg må tilpassast funksjonshemma.*

2 *Vidare arbeid med investeringsplan skal skje ut frå følgjande strategiar:*

- *På grunnlag av ein ny gjennomgang av tilstandsanalysen frå 2001, skal ein utarbeide 4-årige vedlikehaldsplanar for bygningar og tekniske anlegg ved skulane. Krav til innemiljø og branntryggleik skal avklarast med offentlege styresmakter.*
- *Det skal utarbeidast utviklingsplanar for kvar einskild skule for å sjå kva tiltak som er naudsynt for optimalisere undervisninga og bruken av eksisterande skular.*
- *Fylkeskommunen må søkje samarbeid med andre for å få til gode utviklingsvilkår for utdanning, medverke til å skape ny vekst i næringslivet og legget til grunn for auka trivsel lokalt og regionalt.*
- *Fylkeskommunen bør vurdere leige i staden for å eige sjølv, dersom dette er økonomisk gunstigare både på kort og lengre sikt.*

3 *Følgjande tiltak skal gjennomførast som grunnlag for investeringsplanen:*

- *Skuleeingane skal på grunnlag av godkjent dokument "Framtidige strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane" utarbeide utviklingsplanar for kvar sine skular.*
- *Fylkesrådmannen skal gjennomføre eigne utgreiingsprosjekt om føremonar og konsekvensar for intern samlokalisering ved Eid, Stryn og Sogndal vidaregåande skular.*

- *Fylkesrådmannen får fullmakt til å gå vidare med utgreiing av samarbeidsprosjekta ved Luster vidaregåande skule, Flora Idrettsenter AS, Trivselhagen AS, Fosshaugane Campus og Eid vidaregåande skule/Opera Nordfjord.*
- 4 *Investeringsplan for opplæringssektoren med endelege prioriteringar skal leggst fram for fylkestinget i samband med budsjett/økonomiplan for 2005-2008.*
- 5. *Fylkestinget er innstilt på å selja allmennfagbygget ved Sogndal vidaregåande skule til Statsbygg, og er budd på å ta endeleg standpunkt i desember 2004 som ein del av insvesteringsplanen for 2005 – 2008. Det er ein føresetnad for å vedta sal i desember 2004 at staten på si side har forplikta seg til å byggje heile eller vesentlege deler av romprogrammet på 13 200 m2 innan ei akseptabel ramme.*

Fylkestinget føreset at planlegginga held fram – med ma dette som grunnlag – slik at ein kjem fram til ein samla plan for Fosshauganeområdet.

Fylkesutvalet får fullmakt til å inngå ei eventuell intensjonsavtale med Statsbygg og HSF (og evt dei andre partnarane) innanfor denne ramma – der ma salspris og andre vilkår vert avklåra.

- 6. *Fylkesutvalet får fullmakt til å inngå ei eventuell intensjonsavtale med Trivselshagen AS, der ein avklårar økonomiske rammer, samarbeidspartnarar og andre vilkår.*

Fylkesrådmannen har lagt vedtaket til grunn for organisering og gjennomføring av arbeidet med å få fram ein investeringsplan for perioden 2005-2017.

3. PROSESS FOR UTARBEIDING AV INVESTERINGSPLANEN 2005-2017

Arbeidet starta med at skulane og samarbeidspartane som var omtalt i fylkestinget sitt vedtak i sak 19/03 vart tilskrevne og orientert om fylkestinget sitt vedtak.

Bygge- og eigedomstenesta har revidert tilstandsanalysen, og arbeidet med gjennomføring av offentlege påbod har skjedd kontinuerleg i samsvar med årsbudsjettet sine løyvingar.

Det er utarbeidd utviklingsplanar for alle vidaregåande skular. Utdrag frå utviklingsplanane er innarbeidd i investeringsplan saman med korte kommentarar frå fylkesrådmannen.

Det er gjennomført utgreiingar om arealsituasjonen ved Stryn vgs, Eid vgs og Sogndal vgs. Det har vore engasjert arkitektar til å arbeide saman med brukargruppe frå skulane for å få fram nøkterne prosjekt for samlokalisering.

Dei regionale utviklingsprosjekta har vore arbeidd på litt ulike måtar fordi føresetnadene for prosjekta ikkje er dei same.

Trivselhagen AS har arbeidd med Trivselhagen på Sandane, og bygge- og eigedomssjefen har delteke i arbeidet gjennom ei eiga bygg-gruppe. Det er arbeidd med revisjon av opphavelag forprosjekt, og det ligg føre eit par alternative løysingar for korleis ei utbygging kan gjennomførast. I tillegg har skulen arbeidd med å få fram sine prioriterte behov som kan løysast i samband med Trivselhagen, men som skulen må ha for å gjennomføra sine studieplanar.

Opera Nordfjord-prosjektet har hatt ei eige arbeidsgruppe etter initiativ frå Eid kommune. Bygge- og eigedomssjefen har delteke i denne gruppa saman med Lidvin Osland frå kulturavdelinga. Nordplan AS har vore engasjert til å utarbeide skisseprosjekt for samlokalisering av Opera Nordfjord, folkebibliotek, kommunal kino og vidaregåande skule på Mel.

Fosshaugane Campus har hatt ei styringsgruppe med fylkesdirektør Bjørn Birger Bremer og rektor Jon Fosse som fylkeskommunen sine representantar. I dette prosjektet har det vore tre aktørar som har fremma kvar sine delprosjekt ;

SIL TRIBUNA AS – Tribune Sør og Vest – konkret byggeprosjekt planlagt oppstart haust 2004.

Høgskulen i Sogn og Fjordane – Plan for nytt sentralbygg på Fosshaugane samt leigeareal i Tribune Sør og Vest

Sogndal vgs – 1. byggesteg for almennfag nordvest for Fosshaugane Stadion og nye bygg for yrkesfag, administrasjon og fellesfunksjonar.

Høgskulen har i skriv av 23.03.03 i samband drøftingane som har vore ført mellom Statsbygg (og Høgskulen) og fylkeskommunen om overtaking almennfagbygget, gjort kjent ein utbyggingsmodell som ikkje fastset tidspunkt for ei slik overtaking. Dette inneber at Sogndal vgs må forvente å bli verande i noveande lokale med almennfaga i fleire år framover. Difor har skulen utarbeidd eit alternativ til eit fyrste steg i ei samlokalisering av skulen nordvest for Fosshaugane Stadion med framleis bruk av almennfagbygget.

Arbeidet med ny atkomst til Flora vgs og tomt for Florø Idrettsenter er i gang. Florø Idrettsenter AS har langt på veg kome vidare med finansieringa av sitt prosjekt, og dei har søkt fylkeskommunen om eingongstilskot og leigeavtale.

Fylkeskommunen har inngått følgjande intensjonsavtalar som vedkjem saka:

Trivselhagen AS
Høgskulen i Sogn og Fjordane
Stryn kommune
Florø Idrettsenter AS

I tillegg har fylkesutvalet i sak 076/04 gjort vedtak om at fylkesrådmannen skal tinge med SIL TRIBUNA AS om leige for idrettsfagseksjonen ved Sogndal vgs i Tribune Vest. Framlegg til avtale ligg føre.

Framlegg til investeringsplan 2005-2017 for bygg, anlegg og utstyr i opplæringssektoren har vore ute til brei høyring hjå skulane, kommunane, organisasjonar, fagorganisasjonar, tillistsutvalde, hovudutvala, m.fl. i tidsrommet 23.09 til 22.10.04.

Det er innkomne i alt 14 kommentarar/merknader som følgjer som vedlegg.

4 PLANOMTALE

Justert planframlegg følgjer som vedlegg. Plandokumentet er dagsett 5. november 2004.

Fylkesrådmannen har justert investeringsplanen 2005-2007 med omsyn til manglande opplysningar om kap. 4.4 om tilgjenge – universiell utforming. Nokre mindre justeringar i høve til omtale av dei større prosjekta for å få fram betre føremålet med prosjekta der dette var mangelfullt. Vidare har ein ut frå ei intern drøfting i sentraladministrasjonen sett opp framlegg til rammer og prioriteringar i kap. 9. Det er i dette så langt det er mogeleg prøvd å ta omsyn til dei innspel som er komne inn.

Nedanfor følgjer ein kort omtale om innhaldet.

4.1 Det pedagogiske og arbeidsmessige grunnlaget – kap. 3

I dette kapitlet er det gjort greie for dei overordna mål og prinsipp for arbeidet i vidaregåande skule. Her vert omtalt staten sine forventningar jf. Stortingsmelding nr. 30(2003-04) Kultur for læring og Stortingsmelding nr. 19(2001-02) Nye oppgåver for lokaldemokratiet – lokalt og regionalt nivå.

Vidare omtalar og planen Strategisk handlingsprograrm for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2004-2007. Her vert trekt fram dei 8 strategiane som ligg i handlingsprogrammet.

Her vert og peika på kor viktig det er at dei fysiske rammevilkåra ligg best mogeleg til rette for å få ein god læresituasjon. Dette gjeld både med omsyn til bygningar, utanlegg, undervisningsutstyr og IKT-løysingar.

4.2 Utfordringane for vidaregåande opplæring- kap. 4.

I kap. 4.1 er tilhøva for å undervise etter nye pedagogiske prinsipp både i gamle og nye bygg drøfta. Det har frå starten i arbeidet med investeringsplanen og i dei vidaregåande skular sine utviklingsplanar, vore helde fram at noverande skulebygg må vera læringsarenaen i dei neste 10-15 åra. Dette gjev utfordringar både for elevar, lærarar og andre tilsette til å sjå korleis ein kan bruke eksisterande skular, når ein går vekk frå den tradisjonelle klasseroms-undervisninga. Det må gjerast tilpassingar i mindre eller større grad, og dette må innrettast etter kvar einskild skule sine behov slik dei kjem fram gjennom utviklingsplanane.

I kap. 4.2 er dei vidaregåande skulane sine utviklingsplanar omtalt med vekt på konsekvensane for bygningsmessige og utstyrmessige tilhøve. Fylkesrådmannen har gjeve attendemelding for kvar einskild skule.

I kap. 4.3 har ein sett opp ein tabell som syner arealbruken for kvar einskild skule. Bakgrunn for denne tabellen er at ein på denne måten kan få eit inntrykk av kor romsleg eller trangt kvar einskild skule har det. Det er då viktig å legge til grunn at ein rein almennfagskule (t.d. Hafstad) skal ha eit langt lægre arealbruk pr. elev enn ein rein yrkesfagskule (t.d. Øyrane) som treng større areal pga maskiner, øvingsområde m.m..

Ut frå erfaringstal frå norske vidaregåande skular ligg ein innanfor nøktern arealbruk pr. elev ved 15-20 m² for reine almennfagskular, og 20-25 m² for kombinerte skular (høgare tal for høgare prosentdel yrkesfag).

Tabellen syner at nokre skular har høg arealutnyttjng, medan andre har meir romslege tilhøve. Dette er tilhøve ein må ta omsyn til når ein skal vurdere utviding eller ombygging.

I kap. 4.4 er tilgjenge – universell utforming omtalt. Tilhøva ved eksisterande skular er kartlagt gjennom synfaringar med representantar for ulike brukargrupper. Denne kartlegginga vert følgt opp med ein eigen rapport til rådet for funksjonshemma.

I kap. 5. er eksisterande skular omtalt. Dei har kanskje liten plass i investeringsplanen, men utgjer likevel ei stor utfordring, sjølv om dette ikkje gjeld dei store økonomiske utteljingane. Det er gjennom å ivareta desse skulane at vi tek vare på verdiane, og det er desse skulane som gjer det mogeleg å utvikle skulen med etter måten små midlar.

Årleg får vi offentlege påbod som må følgjast opp (branntilsyn, innemiljø m.m.) og som krev løyvingar i budsjettet. Det er dei planmessige utbetringane som sikrar best mogeleg utnytting av midlane.

I skulane sine utviklingsplanar ligg behov for ombygging og mindre utvidingar. Det vil vera avgjerande for å tilpasse skulane til endra føresetnader for undervisninga at vi kan gjennomføre slike tiltak. Dette gjeld både tilhøva for elevane, men ikkje minst å tilrettelegge for **arbeidsplassar**

for dei tilsette. Dei fleste skulane har større eller mindre behov for slike tiltak. Det må settast i gang ein planmessig gjennomgang for å få til ei prioritert utbygging der behova er størst.

I kap. 6 har vi omtale av **samløkalisering av dei skulane** som fylkestinget i sak 19/03 gjorde vedtak at skulle utgreiast. Grunnlaget for fylkesrådmannen sine vurderingar er utgreiingar som er utarbeidd av skulane med innleigd arkitektfagleg kompetanse. I vurderingane av konsekvensane for samlokaliseringa har fylkesrådmannen lagt vekt på å sjå på kva meirkostnadene for fylkeskommunen vil vera ved slike tiltak. Ut frå dette har vi vurdert alternativ bruk av leigekostnadene i leigebygg.

Kap. 7 omfattar dei regionale utviklingsprosjekta/samarbeidsprosjekta. Grunnlaget for vurderingane av desse prosjekta ligg i initiativtakarane sine eigne utgreiingar og tilleggsutgreiingar som bygge- og eigedomssjefen har fått utarbeidd i samarbeid med skulane. Det er nytta eksterne fagfolk til å utarbeide grunnlaget både for Opera Nordfjord fylkeskommunen sin del av Fosshaugane Campus.

Kap. 8 omhandlar utstyr og tekniske hjelpemiddel til undervisning for aktiviteten vi har i dag, og utstyr knytt til nye byggeprosjekt. Registreringar og attendemeldingar gjennom utviklingsplanane viser at skulane har mykje gammalt og utdatert undervisningsutstyr. Behovet for oppgradering av IKT-utstyr er vist gjennom framlegg til strategiplan for IKT.

Kap.9 omhandlar økonomiske rammer, oppsummerte behov og fylkesrådmannen sitt framlegg til bruk og prioritering innanfor finansutvalet sine økonomiske rammer.

KAP. 5 INNKOMNE MERKNADER

Frist for innsending av merknader til investeringsplanen var sett til 22.10.04. Innan tidsfristen var det innkomne merknader/kommentarar slik:

Eid kommune, Gulen kommune Sogndal kommune og Gloppen kommune

Trivselhagen AS og SIL Tribuna AS

Utdanningsforbundet og Norsk Sjukepleiarforbund

Eid vgs, Hafstad vgs, Sogndal vgs, Styn vgs og Øyrane vgs.

Fosshaugane Campus.

Vi har nedanfor teke ut nokre hovudpunkt – ”sitat”- frå innkomne merknader.

Eid kommune:

Samlokaliseringa med opera, kinosal og bibliotek vil gje viktige tilleggsareal/funksjonar til Eid vidaregåande skule.

Eid kommune vonar at det "fyrtårnsprosjektet" som samlokaliseringa av Eid vgs, folkebiblioteket, kino og Opera Nordfjord representerar, får den merksemd og prioriterings som den fortentar. Opera Nordfjord har bevist at potensial ligg her, og dette kan foredlast til eit nivå som ligg på høgde med det som blir skapt i langt meir folkerike og urbane strøk enn Sogn og Fjordane.

I eige brev av 21.10.04 frå kommunen er det gjort greie for at kommunen har løyvt 20 mill. kr. til operadelen av prosjektet, og 7 mill. kr. til felles bibliotek med Eid vgs.

Gulen kommune:

Vi er samde i at dei vidaregåande skulane er ein viktig bit av fylkeskommunen sitt arbeid, også når det gjeld som regional utviklingsaktør. Men det er jammen ei bru og!

Gloppen kommune:

Gloppen kommune har gjort positive vedtak om å medverke til realisere Trivselhagen, der eit av hovudsiktemåla har vore å støtte fylkeskommunen og Firda vgs i å få dekkja nødvendige arealbehov. Dette er dokumentert gjennom intensjonsavtalen med Trivselhagen AS, der kommunen og fylkeskommunen har slutta seg til avtalen. I økonomiplanen har kommunen sett av 40 mill. kr. med løyvingar på 30 mill. kr. i 2007 og 10 mill. kr. i 2008.

Kommunen oppmodar fylkeskommunen om å prioritere utbygginga på Sandane i fyrste del av komande investeringsperiode.

Sogndal kommune:

Sidan hausten 2001 har arbeidet med Fosshaugane Campus vore i gang. Alle aktørar innan skule- og idrettsområdet har vore med på utviklinga av området i høve arealbruk, sambruk og samarbeid om aktivitetar.

Kommunen har utarbeidd ny reguleringsplan spesielt for Fosshaugane Campus. Kommunen støttar fylkeskommunen sin strategi med opprusting og utbygging av skuleanlegget i fasar, og at nytt anlegg for yrkesfagleg studieretning på nordsida av Fosshaugane Stadion vert fyrste byggesteg.

Kommunen peikar på kor viktig det er å få til ei samordna utbygging for å kunne få til dei sambruksgevinstane som har for peika på i ulike utgreiingar.

Utdanningsforbundet:

Nye undervisningsformer og nye fagplanar set krav både til bygg og hjelpemiddel, og skulane må settast i stand til å møte dese utfordringane.

Fylkestinget sitt vedtak i sak 19/03 om rehabilitering og miljøtiltak må gjennomførast.

Skulebygga gjev føringar for kva som er mogeleg å få til av ny pedagogikk og samarbeidsformer. Vi synest der er viktig å legge vekt på mange møteplassar, grupperom, store auditorium, gode bibliotek, laboratorium og verkstader.

Skulane treng god tilgang til audiovisuelle hjelpemidlar og tilstrekkeleg med IKT-ressursar.

Lærarane må ha arbeidsplassar og personalrom der kollegaer kan møtast.

Norsk Sjukepleiarforbund:

Øyrane vgs er lite prioritert i planen. Eid, Sogndal og Stryn er prioritert saman med Firda vgs, Trivselhagen og Fosshaugane Campus.

Peikar på IKT-ressursar for elevar og lærarar.

Treng meir areal på Øyrane til gruppesamtalar, arbeidsplassar m.m..

SIL Tribuna AS:

Ønskjer meir vektlegging av prosessen rundt Fosshaugane Campus frå 2001 fram til i dag.

Samarbeidet gjennom Fosshaugane Campus vil gje gevinstar gjennom ressurs sparing og uttak av meirverdi av anlegget, når fleire aktørar samarbeider om ulike areal og utstyr.

Positivt at fylkeskommunen vil vera ein regional utviklingsaktør gjennom opplæring knytt til kompetansereforma, opplæring for næringslivet, arbeidsledige og permiterte.

Peikar på fagleg samarbeid kring idrett og media og kommunikasjon.

Etterlyser meir omtale om føremonar for samarbeid innanfor media og kommunikasjon på tvers av skuleslaga og private aktørar.

Opnar for ytterlegare leige i Tribune Vest.

Håpar på at Tribune Nord kan vera realisert sommaren 2008.

Håpar på at fylkeskommunen kan gje regionalt utviklingstilskot på 15 mill. kr.

Trivselhagen AS:

Ønskjer at omtalen av Trivselhagen i investeringsplanen må vera meir omfattande og har sendt nytt tekstframlegg.

Eid vidaregåande skule:

Eid vgs og Eid yrkesskule vart slått saman i 1992. I tidlegare planar har skulen vore langt framme i prioriteringa av nytt skulebygg, men har ikkje lukkast i å få realisert planane.

Peikar på avstanden mellom dei to skulane – 2,2 km – som fører til praktiske, administrative, sosiale og pedagogiske ulemper i skulekvardagen. Ingen andre skular har så mange elevear fordelt på to avdelingar som ligg så langt frå kvarandre.

Peikar på oppgraderingsbehovet på avdelinga for yrkesfag.

Kapasiteten ved avdeling for almennfag på Mehl er utnytta til nærast maksimale. Det er svært vanskeleg å finne rom til lærararbeidsplassar.

Skulen peikar på at det ikkje er teke omsyn til oppgraderingsbehovet og auka husleigekostnader som følgje av dette, når ein vurderar meirkostnadene med samlokalisering på Mel.

Hafstad vidaregåande skule:

Uttalen frå skulen omfattar i hovudsak mindre omfattande tiltak som knyter seg manglar ved bygget frå 1994 samt behov som kan løysast innanfor vedlikehaldsplan og rammeløyving for ombygg.

Mo og Jølster vidaregåande skule:

Avd. Jølster:

Når det gjeld bygningane ved denne avdelinga er det spesielt gamlebygningen det er naudsynt å få renovert.

Avd. Mo:

Som synt til i utviklingsplana for skulen er det eitt undervisningsbygg som peikar seg ut m.o.t. nybygg ved denne avdelinga. Det gjeld verkstadbygget frå 1972.

Stryn vidaregåande skule:

Skulen peikar på at dei er lokalisert til 4 og ikkje 3 stader (Hool, Øvre Vik, Nedre Vik og Tonning).

Alternativ som inneber berre flytting av køyretøylina vil medføre ei lite gunstig splitting av fagmiljøet for mekaniske fag.

Skulen er ikkje samd i at arealbruk pr. elev må vera under 25 m². Peikar og på kostnader til uteanlegg ikkje er med i investeringane.

Sogndal vidaregåande skule:

Investeringar i nybygg vil medføre reduserte årlege vedlikehaldskostnader, og skulen stiller spørsmål ved nivået for årlege vedlikehaldskostnader.

Fysisk utbygging for alle dei andre deltakarane i Fosshaugane Campus er i full framdrift, og i samsvar med den planen for arealdisponering som er lagt. Sogndal vgs må henge med her.

Idrettslinja ved SVS er på plass i Fagsenter for idrett i Fosshaugane Campus. Skulen tingar om studieretning medium og kommunikasjon kan bli ein del av Mediesenteret i Fosshaugane Campus. Sjølv om endra framdrift på grunn av almennfagbygget blir brukt som undervisningsbygg i lengre tid enn rekna med, så går alle steg i retning av ein samlokalisert Sogndal vidaregåande skule.

På noverande tidspunkt ser det ut som at den beste løysinga er å la trafikklina bli verande på Kaupanger. Blir landslina for yrkessjåfør lagt ned, og transportfag vert slege saman med servicefag til studieprogrammet "service og samferdsel", kan det bli aktuelt å samlokalisere alt til Sogndal.

Utbyggingsstega for Sogndal vgs i Fosshaugane kan synast noko uklare, men samlokalisering av fellesfunksjonar i eit fyrste byggesteg er viktig for å drive skulen som ein skule. Dette "hjertet" i skulen må på plass i første omgang. Det er nøkkelen til samlokalisering. Det er nøkkelen til mulegheiter for god og framtidsretta leing og utvikling. Dette er nøkkelen til å sjå framover og ikkje kome inn i ei langvarig dvale.

Framlegg til prioritering:

1. Ny mekanisk avdeling i Tribune Nord, og nytt sentralbygg for fellesfunksjonar.

2. Ny avdeling for byggfag, tekniske byggfag og naudsynt tilpassing/ombygging av AA-avdelinga.
3. Utvide sentralbygget for AA-avdelinga og rehabilitering samanbygging av resten av bygningsmassen.

Øyrane vidaregåande skule:

Me finn det såleis rart at de seier at ein skule som er ein rein yrkesfagskule skal halda seg på dei same arealnormene som ein skule som har kombinasjon av yrkesfag og almennfag. Me klarar ikkje å finna sårt tiltrengt areal til møterom, grupperom og arbeidsplassar for elevar og lærarar innanfor det arealet me disponerer i dag.

Me er glad for at de har teke med at verkstadane på mekaniske fag vart bygd for små og for få og at dette er tilhøve som de seier bør rettast på.

Fosshaugane Campus: jf. vedlagde fråsegn.

KAP. 6 VURDERING OG KONSEKVEN SAR

Kap. 6.1 Generelle vurderingar

Investeringsplanen omfattar dei behova opplæringssektoren har i høve bygningar, anlegg og utstyr. Planen omfattar både eksisterande tilhøve og nye tiltak.

Fylkesrådmannen vil generelt peike på at fylkeskommunale bygg og anlegg er i rimeleg god stand. Ein av grunnane til dette er eit planmessig vedlikehald og god oppfølging av skuleleiinga og vaktmeistrar/driftsoperatørar.

Det er likevel skular som treng sårt til rehabilitering eller nybygg, og dette går klårt fram av tilstandsanalyser og attendemeldingar gjennom skulane sine utviklingsplanar. Ved å tilrettelegge eksisterande bygg og anlegg, vil ein kunne spare større nyinvesteringar på eit seinare tidspunkt. Det er difor viktig å kunne ha investeringsmidlar som kan nyttast til slik oppgradering/utbygging.

Dei innkomne merknadene frå skulane understrekar og sterkt behovet for midlar til mindre investeringar t.d. verkstadhall ved Øyrane vgs, verkstadhall ved Mo og Jølster vgs. Elles så kan ein nemne andre investeringsprosjekt som ikkje har fått stor fokus, t.d. nytt vassverk for avd. Mo ved Mo og Jølster vgs, delkostnader for bru over Jølstra ved same skule. Det ligg mange slik mindre investeringsutfordringa i skulane sine utviklingsplanar.

Kap. 6.3 Vurdering av dei einskilte innsatsområda – prosjektvurdering.

Inneklima:

Bygge- og eigedomstenesta er i gang med ei kartlegging av inneklimaet ved skulane. Dette arbeidet vil ikkje vera avslutta før sommaren 2005. Det er skular som har for dårleg inneklima, og det er behov for tiltak for å betre tilhøva. Før ein kan få fram konkrete tiltak for å forbetre situasjonen er det vanskeleg å dimensjonere behovet for investeringar. Dette må ein kome attende til ved budsjett- og økonomiplanarbeidet i 2005. I mellomtida bør ein prøve ut nokre prosjekt som kan finansierast gjennom løyvingar i driftsbudsjettet eller rammeløyvingar i investeringsbudsjettet

Brannsikring

Det vil vera eit årleg behov framover å sikre at ein får førebygd og utført påbod frå brannstilsynet. Revidert tilstandsanalyse syner eit investeringsbehov på 22,4 mill. kr. pr. oktober 2004, men ny utfordringar dukkar opp etter kvart som nokre vert løyste. Det er viktig å halde noverande nivå for å unngå påbod frå branntilsynet.

PCB-lysarmatur

Statens forurensingstilsyn har gjeve pålegg om utskifting av PCB-haldig lysarmatur. Fristen er sett til 31.12.07. Fylkesrådmannen legg til grunn at arbeidet skal vera utført innan fristen, og det må difor avsetjast midlar til dette føremålet.

Ombygging/utviding/mindre investeringsprosjekt

Dei vidaregåande skulane sine utviklingsplanar avdekkar ein del nye behov som samstundes kan gje ei betre utnytting av skulane i høve til undervisning, betre trivsel for elevar og alle tilsette. Skulane har gjennom si oppdragsverksemd fått inntekter som dei skyt inn i slike prosjekt, nettopp for å utvikle skulane. På denne måten vert dei sentrale midlane utløysande både midlar frå skulane og bruk av eigne ressursar (lærarar og elevar) til gjennomføring av konkrete ombyggings/utvidingsprosjekt.

Frå tidlegare erfarer vi og at ein del mindre prosjekt (utskifting av tak, innklimatiltak m.m.) fell mellom "to stolar" – drifts- og velikehaldsbudsjettet og investeringsbudsjettet -, og det er behov som kan og må løysast raskt.

Fylkesrådmannen si vurdering er at ei rammeløyving til desse føremåla vil vera viktig for å redusere behovet for større nyinvesteringar fordi ein kan få ei oppgradering av eksisterande bygningsmasse som er betre tilpassa nye undervisningsformer.

Eid vidaregåande skule - Samlokalisering

Ei samlokalisering på Mel med kommunen sitt folkebibliotek vil koste om lag 113 mil. Kr. Av dette vil Eid kommune finansiere 7 mill. kr. som tilsvarar 50 % av kostnadene for bibliotekarealet. Det er rekna med ein samordningsgevinst på om lag 4,3 mill. kr.(investeringskostnad) med felles bibliotek.

Ein føresetnad for ei samlokalisering vil vera at ein samstundes får ei arealeffektivisering som reduserar investering i nyanlegg og drifts- og vedlikehaldskostnader. Tilsvarande ønskjer ein ei innsparing i skulen sitt driftsbudsjett. Dette vil ein og oppnå ved ein slik samlokalisering, men det er vanskeleg å synleggjere nivået på dette.

Arbeidstilhøva for både elevar og tilsette vil verta betre ved ein samla skule.

Ei samlokalisering vil likevel medføre ein auka kostnad for fylkeskommunen. Det kan vera vanskeleg å fastsette denne meirkostnaden, når ein brukar husleiga ein betalar i dag til å finansiere deler av ei slik nyinvestering. Bygge- og eigedomstenesta har i mai 2004 motteke referat frå møte mellom Malko AS og bygge- og eigedomstenesta den 19. mai 2004 vedk. leigeavtalen. I dette brevet seier utleigar:

Ein går ut frå at dei nye husleigene som skal forhandlast fram vert på om lag same vilkår som no, noko avhengig av omfanget av fornyinga i bygget eller den ombygging/nybygg som partane vert samde om.

Brevet signaliserar at husleigenivået vil verte om lag som no, men vi reknar med ei viss auke som konsekvens av ei oppgradering.

I ei samanlikning med andre prosjekt, der og husleiga vert omdisponert til finansiering av lån, kan vi vanskeleg stipulere framtidige leigenivå. Dette vil ein måtte ta med som ein av faktorane ved samanlikning av prosjekta.

Fylkesrådmannen ser klart dei ulempene som knyter seg drift på to plassar, men samstundes er sjølve skulebygga av rimeleg bra kvalitet, og kan forberast med mindre konsekvensar i høve auka årlege kostnader enn det nybygg vil gjera.

Stryn vidaregåande skule – samlokalisering

Ei slik arealeffektivisering og evt. nybygg vil og redusere dei årlege driftskostnadene t.d reinhald, energikostnader (som i dag ligg svært høgt), for Stryn vidaregåande skule.

Kostnaden for full samlokalisering på Tonning er rekna til 135 mill. kr.. Det er då rekna med ein vesentleg effektivisering av arealbruken.

Eit alternativet til full samlokalisering er flytting av avd. på Hool til Tonning, og avhending av denne eigedomen til Stryn kommune i samsvar med intensjonsavtalen frå 2004. Nybygg for køyretøylina er ein del av dette prosjektet som eit fyrste steg mot full samlokalisering. Kostnaden med ei slikt prosjekt er rekna til 108 mill. kr. i utgreiinga frå skulen.

Ein variant av dette alternativet vil å vera å utsette oppgraderingsarbeidet på eksisterande bygg, med unntak av ei midre tilrettelegging for t.d. lærararbeidsplassar i Vik samt utsette nybygg for ein del av dei funksjonane som ligg i dette alternativet. Eit slikt redusert alternativ med eit nybygg på

Fylkestinget

Saksbehandlar: Torolf Norheim

Arkiv: 15

Arkivsaksnr.: 02/00325

2500 m² – 3000 m² ville gje ei investering i storleik 50-60 mill. kr.. Dette alternativet medfører at tilbodet frå Stryn kommune om vederlagsfri overføring av Hegrevegen 1 ikkje står vedlag, og at dei vil betale 10 mill. kr. for eigedomen på Hool. Kostnaden for fylkeskommunen ved eit slikt alternativ vil ligge mellom 40-50 mill. kr.

Fylkesrådmannen meiner at vi har då følgjande alternativ:

1. Full samlokalisering på Tonning 135 mill. kr.

Finansiering:

Lån finansiert ved sparte husleigeutgifter, omlag 50 mill.kr
(5% rente, 15 år avdragstid)

Låneopptak som medfører utgifter til rente og avdrag, omlag 85 mill.kr

Sum finansiering 135 mill. kr.

2. Avd. Hool/køyretøylina til Tonning 60 mill. kr.

Finansiering:

Stryn kommune 10 mill.kr.

Omdisponert husleige 0 mill. kr

Nytt låneopptak 50 mill. kr.

Sum finansiering 60 mill. kr.

I alternativ 2 vil fylkeskommunen framleis sitje att med ei husleige for skulebygga tilsvarande om lag 4 mill. kr. som tilsvarar eit låneopptak på 45 mill. kr.

Fylkesrådmannen meiner difor det er gode økonomiske grunnar for å tilrå full samlokalisering på Tonning for Stryn vidaregåande skule.

Sogndal vidaregåande skule – Samlokalisering

Det er ikkje utgreidd full samlokalisering for denne skulen i samband med investeringsplanen. Dette er gjort gjennom generalplan for skulen frå 2002 som vart handsama i fylkesutvalet i møte den 28.05.02 sak 035/02. I hovudsak er hovudtrekka i denne generalplanen i tråd med dei overordna arealvurderingar som er gjort seinare, og i tråd med kommunen sin reguleringsplan frå 2004.

Det er i ettertid gjort vedtak som påverkar utbyggingsprosessen. Fylkesrådmannen viser til vedtak i Høgskulestyret i høve Høgskulen si overtaking av almennfagbygget, og tingingar som har vore ført i denne samanheng. Situasjonen pr. 2004 er at Høgskulen har prioritert andre prosjekt til gjennomføring framfor overtaking av almennfagbygget. Dette medfører at ei slik overtaking ikkje er tidfestast. Fylkesutvalet har inngått intensjonsavtale om dette.

Det er difor utarbeidd alternativ utbyggingsstrategi, der yrkesfagbygga vert prioritert. Utbyggingsmodellen er framleis i tråd med tidlegare generalplan og Sogndal kommune sin reguleringsplan. Yrkesfagbygga i Sogndal er noko av dei dårlegaste – bygd i 1966 - og ikkje oppgraderte etterpå. Sjølve bygingsstrukturen er god, men romstorleik m.m. høver ikkje for yrkesfag i dag. Teknisk installasjonar må totalrenoverast.

Ei utbygging nordvest for Fosshaugane Stadion er kostnadsrekna til om lag 253 mill.kr. I tillegg kjem meirkostnader til parkeringshus på om lag 26 mill. kr. I dette kostnads- overslaget er det lagt til grunn at almennfagbygget framleis er i bruk, og at vi leiger til idrettsfagseksjonen i Tribune Vest.

Det er SIL Tribuna AS som representerar Fosshaugane Campus i denne samanhengen. Dei har utfordra fylkeskommunen på leige i Tribune Sør og Vest.

Ei utbygging på nordsida av Fosshaugane Stadion er interessant for fylkeskommunen ut frå at dette vert det framtidige området for vidaregåande skule på Fosshaugane, slik det er lagt opp til i kommunen sin reguleringsplan. Området høver godt for mekaniske fag og køyretøylinja som begge treng betre tilpassa bygg enn det dei har i dag.

Fylkesrådmannen ser utfordringane i Sogndal som svært store. I høve til dei framlagde utbyggingsalternativa, er det behov på å sjå på alternative modellar for utbygging der noverande bygg for yrkesfag kan utnyttast til skuleføremål.

Fylkeskommunen har signalisert ønskje med å medverka til utvikling av Fosshaugane Campus. Dette vert gjort ved å vurdere leigetilhøve for m.a. idrettsfagseksjonen. Elles vil ei samordna og tett utbyggingsrekkefølge vera vanskeleg å få til ut frå ulike prosessar både tidsmessig og innhaldsmessig. Fylkesrådmannen meiner likevel at grunnlaget for ei samla og samordna utbygging kan gjennomførast gjennom den reguleringsplanen som ligg føre.

Det mest aktuelle er å leige til idrettsfagseksjonen og linja for media og kommunikasjon. Dette heng saman både med frigjering av areal i eigne bygg for studieretningar som har akutt arealmangel, men og for å legge til rette for ny utvikling og betre utnytting av fagmiljøa i Fosshaugane Campus.

For å løyse akutte rombehov, vil fylkesrådmannen tilrå at ein får leige areal hjå SIL Tribuna AS slik det er gjennomført tingingar om. Fylkesrådmannen vil tilrå at ein aukar dei økonomiske rammene for opplæring slik at ein kan gjennomføre tingingar om leige til media og kommunikasjon. Dette vil og medverke til å lette på arealsituasjonen ved skulen, jf. tabell under kap. 4.3 i investeringsplanen 2005-2017.

Eit anna argument er at vi ved ein slik leigeavtale kan medverke til å skape ny utvikling gjennom samarbeid med profesjonelle mediaverksemder, noko som vil kunne ha store ringverknader jf. resultatet av samarbeidet i Sognahallen med Idrettsenteret. Dette er omtalt i eiga sak om leige i Tribune Vest for idrettsfagseksjonen.

Eid vidaregåande og Opera Nordfjord

Dette prosjektet er ein sjeldan kombinasjon av kulturfunksjonar og skule. Sambruksvinstane ligg både i bruk av felles areal og eit potensiale for samarbeid i prosjekt mellom skulen og kulturintstitusjonane.

Kostnadene for prosjektet er om lag 161 mill. kr. der 50 mill. kr. utgjer opera-/kultursal og kinosal. I finansieringsplanen er fylkeskommunen utfordra på 7,5 mill. kr. til kulturdelen. Det er svært trange rammer for nyinvesteringar, og det er ikkje funne rom innanfor dei samla investeringsrammene til dette prosjektet.

Firda vidaregåande skule og Trivselhagen

Det ligg føre ein intensjonsavtale mellom fylkeskommunen, Gloppen kommune og Trivselhagen AS om arbeidet med prosjektet.

Det ligg føre eit forsprosjekt (forstudie – ikkje ordinært forprosjekt) av 30. april 2003. Dette grunnlagsmaterialet er seinare gjennomgått på nytt, og framlegg til prosjekt og tiltak som ligg i forstudien er følgt opp.

I revidert kostnadoppsett pr. oktober 2004 er kostnadsoverslaget sett til 175 mill.kr.. Det er då teke omsyn at fylkeskommunen har rehabilitert Firdahallen for 15 mill. kr.. Det er og skissert ein momsreduksjon som kan tilsvare ytterlegare 20 mill. kr.

Trivselhagen er tenkt organisert som eit eigedomsselskap og skal finansierast av fleire aktørar både med eingongsinvestering og årlege leige. For fylkeskommunen er dette av Trivselshagen stipulert til 30 mill. kr. investering og 2,5 mill.kr. i årleg leige. Denne leiga omfattar forvaltningskostnader, driftskostnader inkl. tilsette, vedlikehaldskostnader og utviklingskostnader for anlegget.

Trivselhagen AS arbeider framleis med avklaringar andsynes Høgskulen si deltaking i prosjektet. Etter det fylkesrådmannen kjenner til skal ein intensjonsavtale handsamast i styremøte november 2004.

Gloppen kommune har i økonomiplanen sett av midlar til prosjektet med totalt 40 mill. kr., med ei løyving på 30 mill. kr. i 2007 og 10 mill. kr. 2008.

Med utgangspunkt i konkrete rehabiliteringskostnader for Firdahallen samt Firda vgs sine innmelde arealbehov i Trivselhagen (prioriterte og snarlege behov) vil fylkeskommunen ha ei

investeringsutfordring på om lag 55 mill. kr. Av dette må det avtalast at Gloppen kommune finansierar sin del av biblioteket (50 % av kostnadene – 9 mill. kr.). Ut frå dette vil eit fyrste byggesteg i Trivselhagen (utført i fylkeskommunal regi) koste 46 mill. kr.. For orden skuld vil fylkesrådmannen peike på at fylkeskommunen brukar einingspris på 20 000 kr. pr. m2 for utbygging av skuleareal, medan Trivselhagen har nytta lægre einingsprisar. Dette gjeld og i høve til dei andre prosjekta i fylket.

Det er tidlegare vedteke å rehabilitere Firdahallen, og dette arbeidet er i gang. Før ein set i gang med rehabilitering av symjehallen og inngangshallen, må ein få ei ei avklaring med planane for Trivselhagen.

Fylkesrådmannen legg til grunn at ei utbygging av Firda vidaregåande skule skal skje innanfor ramma for realisering av Trivselhagekonseptet.

Flora vidaregåande skule og Florø Idrettsenter AS

Fylkeskommunen har intensjonsavtale med Florø Idrettsenter frå 2000.

Fylkeskommunen er i ferd med å gjera eit tilretteleggingsarbeid for Florø Idrettsenter AS gjennom opparbeiding av atkomstvegen og naudsynt parkeringsareal.

Det ligg føre søknad om eingongstilskot på 5 mill. kr. og årleg leige i nybygget frå Florø Idrettsenter AS. I ettertid er det kome brev frå Flora kommune, dagsett 1. november 2004 der det vert søkt om 15 mill. kr.. Desse søknadene må sjåast i samanheng, slik at forventingen om fylkeskommunal medverknad er 15 mill. kr.

Utstyr til opplæringssektoren

Det er frå fleire hald peika på kor viktig godt og tidsmessig teknisk undervisningsutstyr og IKT-hjelpemiddel er for å få ein god undervisningssituasjon. Dei nye undervisningsmetodane set større krav enn det ein er vant til frå tidlegare. Fylkesrådmannen ser godt dette behovet, og tilrår difor å auka utstyrløyvinga i budsjettet for m.a. å dekke kjøp av IKT-utstyr.

Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen si tilråding:

- 1 Investeringsplan for bygg, anlegg og utstyr i opplæringssektoren, dagsett 5. november 2004, vert lagt til grunn for planlegging og gjennomføring av tiltak og prosjekt.
- 2 Følgjande investeringsrammer skal innarbeidast i økonomiplanen 2005-2008:

Opplæring	Tidl løyvd	2005	2006	2007	2008
-----------	------------	------	------	------	------

Brannsikring	(sekkepost)	2,5	2,5	2,5	2,5
Utstyr, inkl. IKT-utstyr	(sekkepost)	7,0	10,0	10,0	10,0
PCB- utskifting av lysarmatur			4,5	4,5	
Måløy vg skule, maritim avd	40,0	20,0			
Høyanger vg skule, rehabilitering	18,5	14,0			
Firdahallen, rehabilitering	15,0		6,0		
Mo/Jølster vgs skule, driftsbygningar	7,6	22,4			
Ombygging/rehabilitering av eks. bygg			3,0	3,0	3,0
Nye byggeprosjekt			18,5	54,5	29
Sum		65,9	44,5	74,5	44,5

3 Følgjande nye byggeprosjekt vert prioritert i økonomiplanperioden 2005-2008:

1) Samlokalisering av Stryn vidaregåande skule.

2) Utbygging av Firda vidaregåande skule/Trivselhagen på Sandane.

Endeleg vedtak om igangsetting må gjerast gjennom vedtak i årsbudsjett og økonomiplanen på grunnlag av funksjonsprogram med areal- og kostnadsoverslag.

4 I perioden etter 2008 vert det lagt til grunn at utbygging av Sogndal vidaregåande skule/Fosshaugane Campus kan settast i gang. Det bør og leggjast til rette for at Eid vidaregåande skule/Opera Nordfjord får startløyving i denne perioden.